



Olje- og energidepartementet

## **NOU 2023:3 Mer av alt – raskere. Energikommisjonen sin rapport**

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og vedtok i møtet 25. april 2023 følgjande høyringsvar:

Energikommisjonen har synt oss kor krevjande tider vi går i møte når det gjeld energiproduksjon, både pga. geopolitiske tilhøve og det grønne skiftet. Klimamåla og vernepolitikken, rask auke i etterspurnaden, lite ny produksjon og sårbare distribusjonsnett krev meir kraftfulle grep på alle nivå, både på kort og mellomlang sikt.

Sogn regionråd er samd med kommisjonen i at det er naudsynt at landet har overskotsproduksjon av kraft. Rikeleg tilgang på fornybar kraft må framleis vere ein konkurranseføremon for norsk industri.

Og det hastar. Vi står difor kommisjonen si tilråding om ikkje berre auka omstillingstakt, men at vi må opp eit tempo på utbygging av produksjon og nett som vi ikkje har sett tidlegare. Og vi treng å bygge meir effekt. Samstundes må vi få meir fleksibel energibruk, for å minke det samla forbruket. I tillegg må nettkapasiteten opp. Det vert avgjerande for å nå desse samfunnsmåla at:

- *Sakshandsamingstida vert redusert*
- *Forbruket av energi vert effektivisert*
- *Meir fornybar produksjon vert bygd ut*

Rådet er samd med kommisjonen i at regulerbar vasskraft gir stor fleksibilitet. Sol og vind ikkje kan levere same stabile effekt pga. vêrtilhøve. Det er særleg gjennom regulerbar energi som vasskrafta vi kan sikre denne effekten, som igjen er naudsynt for t.d. den framtidige næringsutviklinga i regionen.

Sogn har heilt unike føremoner når det gjeld regulerbar kraft. Og effekt blir viktigare og meir verdfull i tida framover pga. omfattande endringar i kraftsystemet og auka elektrifisering og utbygging av uregulert kraft, i Noreg og i landa rundt oss.

Kjernekraft gir stabil effekt utan å vere så regulerbar som vasskrafta. Rådet er samd med fleirtalet i kommisjonen; kjernekraft ikkje er løysinga på kort sikt, men Noreg må følgje med i den internasjonale teknologiutviklinga og tryggleiksarbeidet.

Regionrådet står at det vert laga ein nasjonal handlingsplan for energieffektivisering. NVE og Enova må få styrka sitt mandat på dette området. Olje- og energidepartementet (OED) må få ei tydeleg koordinerande rolle mellom Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD), Klima- og miljødepartementet (KLD) og Finansdepartementet (FIN).

Rådet er òg samd i at skattepolitikken på energiproduksjon må vere tufta på tre sentrale prinsipp:

- *Stimulerer til samfunnsøkonomiske lønsame investeringar*
- *Bidreg gjennom særskilt skattlegging av bruk av fellesskapen sine ressursar*
- *Er føreseieleg*

Kommunane må - gjennom plan- og bygningslova - bli meir proaktive og få auka innverknad på utbygging av vindkraft på land. Og her må ligge ein monaleg økonomisk føremøn i botn, m.a. ved at kommunane får ein fast del av grunnrenteskatten.

Rådet stør Straumnettutvalet og Energikommisjonen sitt ynskje om at sakshandsaminga av konsesjonssaker vert raskare og at kvaliteten vert betre, men utan at det går ut over demokrati og medverknad.

Framover vert det viktig å verne forbrukarar og næringsliv mot dei største prissvingingane. Eit marknadssystem under sterk statleg styring er truleg vegen å gå her. Rådet stør framlegget om å legge betre til rette for langsiktige straumavtaler og fleire incentiv for straumsparing.

Kraftbalansen og regionale skilnader gjer oss helt avhengig av våre naboland sine kraftsystem og kva val dei gjer. Vidare utbygging og drift av straumkablar til utlandet må difor evaluerast og det må vurderast om det er i samfunnet sine interesser at desse vert fornya ved utløp av konsesjonstida.

Med helsing

Roy Egil Stadheim  
leiar Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.*